



Høgskulen  
på Vestlandet

NEMND FOR STUDENTSAKER  
VED HØGSKULEN PÅ  
VESTLANDET

ÅRSRAPPORT 2023

## Innleiing

Nemnd for studentsaker si verksemd er heimla i lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskulelova (uhl.) § 5-1 (1):

«Universiteter og høyskoler skal opprette en eller flere nemnder som etter delegering fra styret skal behandle saker som berører kandidatene. I tillegg skal nemnda behandle klager over enkeltvedtak med unntak av klager som skal behandles av særskilt nasjonalt klageorgan.»

Nemnda gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. I saker som gjeld utestenging og bortvising etter uhl. § 4-8, og utestenging etter skikkavurdering etter uhl. § 4-10, gjer nemnda vedtak med to tredels fleirtal.

## Mandat

Nemnd for studentsaker sitt mandat er gitt i instruks frå høgskulestyret, revidert 2. februar 2023 i sak 6/23. Følgjande går fram av instruksen:

«Nemnda behandlar følgjende saker:

- Klage over enkeltvedtak, jf. universitets- og høyskolelovens (loven) §§ 5-1 (1) og 7-6 (2).
- Klager over avgjørelser om permisjon og fravær, og om helt eller delvis tap av studieretten, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL.
- Klager i forbindelse med valg av representanter og ombud ved HVL.
- Saker etter universitets- og høyskolelovens §§ 3-7 (8), 4-7 (1) og (2), 4-8 (1)-(3), 4-9 (4), 4-10 (3).
- Saker etter universitets- og høyskoleloven § 4-13 (2) og (4).
- Klagesaker i henhold til bestemmelsene om klage i forskrift for graden philosophiae doctor (Ph.d) ved HVL.»

## Samansetting

Universitets- og høgskulelova § 5-1 (2) gjev føringar for samansetting av nemnda:

«(2) En nemnd skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikke være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.

Nemnd for studentsaker si samansetting i perioden 01.01.2023 – 31.08.2023:

Tingrettsdommar Bjørg Kvelstad (leiar) Høgskulelektor Åshild Havnerås Førsteamanuensis Sven Olai Høyland Trym Jarle Sætherbø Vårdal (student) Tonje Thrane (student)	Vara: Tingrettsdommar Tone Raaen Vara: Professor Catharina R. Christophersen Vara: Høgskulelektor Alfred Limstrand Vara: Ikkje valt Vara: ikkje valt
--	---

Nemnd for studentsaker si samansetting i perioden 01.09.2023 – 31.12.2023:

Tingrettsdommar Bjørg Kvelstad (leiar) Høgskulelektor Åshild Havnerås Førsteamanuensis Sven Olai Høyland Maria Knudsen (student) Mattis Munkvold Rovik (student)	Vara: Tingrettsdommar Tone Raaen Vara: Professor Catharina R. Christophersen Vara: Høgskulelektor Alfred Limstrand Vara: Tonje Thrane (student) Vara: Thomas Fadum (student)
--	---

## Saker til handsaming

Nemnd for studentsaker har i 2023 handsama 60 saker:

Sakstype	Tal på saker
Klage på enkeltvedtak	40
Fusk	18
Politiattest	2
Skikkavurdering	0
<b>Totalt</b>	<b>60</b>

**Tabell 1** Saker handsama i nemnda i 2023.

Fordeling av sakstype og utfall på dei fire fakulteta<sup>1</sup>:

Fakultet	Klagar, medhald	Klagar, ikkje medhald	Fusk, annullering	Fusk, annullering og eitt semester	Fusk, annullering og to semester	Fusk, frikjenning	Politiattest	Totalt
FIN	2	6	2	0	2	2	0	14
FHS	5	14	0	1	3	0	2	25
FLKI	3	9	3	0	0	0	0	15
FØS	1	0	2	1	1	1	0	6
<b>Totalt</b>	<b>11</b>	<b>29</b>	<b>7</b>	<b>2</b>	<b>6</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>60</b>

**Tabell 2** Sakstype og utfall fordelt på fakultet.

<sup>1</sup> FIN=Fakultet for ingeniør- og naturvitskap, FHS=Fakultet for helse- og sosialvitskap, FLKI=Fakultet for lærarutdanning, kultur- og idrett, FØS=Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap.

Fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på registrerte studentar<sup>2</sup>:

Fakultet	Fordeling av saker	Fordeling av studentar
FIN	23,3 % (14)	3 050
FHS	41,6 % (25)	5 150
FLKI	25 % (15)	5 830
FØS	10 % (7)	2 450
<b>Totalt</b>	<b>100 % (60)</b>	<b>100 % (16 480)</b>

**Tabell 3** Fordeling av saker mellom fakulteta sett i høve til talet på studentar ved kvart fakultet.

## KLAGESAKER

Nemnd for studentsaker har handsama 40 klagesaker. Av talet på klager er det éi sak som gjeld klage på vedtak om utestenging frå HVL. For dei andre 39 sakene følgjer det av uhl. § 5-1 (5) at nemnda sine vedtak er endelege og ikkje kan klagast på.

Talet på klagesaker ved Høgskulen er mest truleg høgare enn sakene som vert handsama i nemnda. Fakulteta eller fellesadministrasjonen skal etter forvaltningslova § 33 andre ledd handsame klagene som førsteinstans. Om det opphavlege vedtaket blir stadfesta utan endring, skal saka sendast til nemnda. Høgskulen har ikkje tal på klager som ikkje vert handsama av nemnda.

Nokre klagar skal vurderast av andre organ. Til dømes skal klager som gjeld opptak til grunnstudium handsamast av Nasjonal klagenemnd under Samordna opptak.

Klagesaker i 2023:

Saksfelt	Tal saker 2023	Medhald	Ikkje medhald
Formelle feil på eksamen	3	2	1
Formelle feil i praksisstudium	2	1	1
Tap av eksamensrett	2	1	1
Tap av studierett	2	0	2
Tilrettelegging	6	0	6
Godkjenning av utdanning	7	1	6
Opptak	9	2	7
Vedtak om utestenging	1	0	1
Andre saker	8	3	5
<b>Tal klagesaker</b>	<b>40</b>	<b>10</b>	<b>30</b>

**Tabell 4** Klagesaker i 2023.

<sup>2</sup> Kjelde: Database for statistikk om høgare utdanning.

### **Klage på formelle feil ved eksamen**

Klage på formelle feil vert vurdert etter uhl. § 5-2.

Nemnda har handsama tre klager på formelle feil ved avviking av eksamen. Tema har vore anonymitet, målform og uklårleik i eksamensoppgåva.

### **Klage på formelle feil i praksis**

Nemnda har handsama to saker om formelle feil i praksis.

Tema har vore tidspunkt for levering av varsel om ikkje bestått praksis, oppfølging av student etter varselet er gitt og innhald og dokumentasjon av rettleiing.

### **Tap av eksamensrett**

Studentar har rett til å ta eksamen når studenten er semesterregistrert, har meldt seg til vurdering innan frist og kan dokumentere eventuelle forkunnskapskrav og obligatoriske læringsaktivitetar.

Nemnda har handsama to saker om tap av eksamensrett. Tema for sakene var oppmøte på eksamensdagen og rett for privatistar til å ta eksamen i emne med obligatorisk undervisning. I sistnemnte sak fekk ikkje klagar medhald. I samband med at saka vart klaga på til Sivilombodet, omgjorde nemnda vedtaket til klagar sin gunst. Sivilombodet sluttar seg til nemnda si nye vurdering, sjå Sivilombodet sitt fråsegn i sak 2023/4774.

### **Tilrettelegging**

Studentar med funksjonsnedsetting har rett på eit tilrettelagt studieløp for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsmoglegheiter. Eit tiltak om tilrettelegging kan ikkje setje til side faglege krav i studiet eller utgjere ein uforholdsmessig byrde for institusjonen, jf. uhl. § 4-3 c (3).

Nemnda har handsama seks saker om tilrettelegging. Tema har vore utvida tid på eksamen, skrivestøtteprogram i norsk og engelsk, omgjering av vurderingsform, frist for å søke tilrettelegging, gjennomføring av eksamen på anna institusjon enn HVL, praksis på særskilt stad.

Ingen av klagarane fekk medhald.

### **Godkjenning av emne**

Studentar har etter uhl. § 3-5 e rett til å få tidlegare utdanning ved andre utdanningsinstitusjonar godkjent som del av studenten sitt studium ved HVL. Emne skal godkjennast med same omfang som det beståtte emnet.

Nemnda har handsama ni saker om godkjenning. Éi sak vart sendt tilbake til fakultetet for ny utgreiing. Fakultetet omgjorde vedtaket og klagar fekk godkjent utdanninga si.

## **Opptak**

Nemnda handsamar klager som gjeld lokale opptak og opptak på grunnlag av realkompetanse.

Nemnda har handsama ni saker om opptak. Medhald vart gitt i éi sak. Nemnda si vurdering var at klagar sin kompetanse oppfylte vilkåret for opptak, slik kravet var skildra i studieplanen. Éi sak vart returnert til Eining for studentopptak. Eininga omgjorde vedtaket, og klagaren fekk opptak på vilkår etter forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet kapittel 2.

## **Andre saker**

Nemnda har handsama to saker om kullforflytting på grunn av låg studieprogresjon, éi sak byte av rettleiar på masteroppgåve (medhald), to saker om sjølvvald bachelorgrad (medhald i éi sak), éi sak om utsett praksis, éi sak om avvising på grunn av klagefrist og éi sak om permisjon (medhald).

## **MISTANKE OM FUSK**

Styret har delegert til nemnd for studentsaker å avgjere saker som gjeld mistanke om fusk, jf. universitets- og høgskulelova § 4-7 andre ledd.

For at nemnda kan gjere vedtak om annullering og utestenging, må studenten ha gjort ei handling skildra i forskrift om studium og eksamen ved HVL § 12-1 (1) bokstav a-h. Handlinga må vere gjort med forsett eller med grov aktløyse. For forsøk og medverknad til fusk er det krav om forsett.

Når vilkåra for fusk er oppfylt, kan nemnda etter uhl. § 4-8 (3) gjere vedtak om utestenging av studenten, inkludert tap av retten til å ta eksamen ved andre utdanningsinstitusjonar, i inntil eitt år. I praksis blir studenten utestengt i to semester ved forsettleg fusk og eitt semester ved grov aktløyse.

Nemnda har i 2023 handsama 18 saker om fusk. Mistanken var knytt til plagiat i 15 saker og ulovleg hjelpemiddel i tre saker. Ei av desse sakene gjaldt bruk av kunstig intelligens.

Nemnda gjorde vedtak om fusk i alle sakene om plagiat. I sakene om ulovleg hjelpemiddel vart alle studentane frikjent.

Fordeling av reaksjon er vist ovanfor i tabell 2.

## **Klage på vedtak om fusk**

Klager på vedtak gjort av nemnd for studentsaker som førsteinstans skal etter forvaltningslova § 33 først vurderast av nemnda sjølv. Om vedtaket ikkje vert omgjort eller oppheva, vert saka sendt vidare til Felles klagenemnd (nasjonal klageinstans).

Nemnda har handsama éi klage på vedtak om fusk. Saka er sendt til den nasjonale klageinstansen Felles klagenemnd. Klagen er per 31. desember 2023 ikkje handsama.

## **MERKNAD PÅ POLITIATTEST**

Høgskulen kan etter uhl. § 4-9 (1) krevje framlegging av politiattest når studenten gjennom praksisstudium, eller studium med klinisk undervisning, vil kome i kontakt med sårbare grupper. Styret har delegert til nemnd for studentsaker å avgjere om studentar med merknad på politiattesten kan delta i praksis eller klinisk undervisning.

Vedtak om utestenging gjeld ikkje teoriemne. Studenten blir difor ikkje utestengt frå studieprogrammet. Utestenginga kan likevel medføre tap av studierett om utdanninga har krav til studieprogresjon, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL § 4-8 (2) bokstav b.

Nemnda har handsama to saker om merknad på politiattest. I éi av sakene avgjorde nemnda at studenten ikkje kunne delta i praksis.

## **SKIKKAVURDERING**

Studentar på studieprogram underlagt forskrift om skikkethetsvurdering i høgere utdanning § 1, er under løpande skikkavurdering heile studieløpet. Vitnemål for fullført utdanning føreset at studenten er vurdert skikka for yrket. Styret har delegert til nemnd for studentsaker å avgjere saker etter uhl. § 4-10 (3) om utestenging av student på grunn av manglande skikkaheit.

Om det oppstår tvil om ein student er skikka, vert det meldt tvil til institusjonsansvarleg for skikkavurderingar ved Høgskulen. Om institusjonsansvarleg ikkje finn studenten skikka, vert saka fremma for skikkavurderingsnemnda ved Høgskulen. Skikkavurderingsnemnda leverer ei innstilling til nemnd for studentsaker med nemnda si vurdering om studenten kan reknast som skikka. Etter forskrifta § 12 andre ledd skal nemnd for studentsaker avgjere om studenten er skikka, og eventuelt om studenten skal stengjast ute frå studieprogrammet.

Nemnda har ikkje handsama saker om skikkaheit i 2023.


## **ADVOKATSALÆR**

Studentar har ikkje rett til å få dekkja sakskostnadane sine til advokat i klagesaker. Unntak kan vere i tilfelle studenten får medhald i klagen sin. Sakskostnadar kan då verte dekkja etter forvaltningslova § 36.

I saker der Høgskulen reiser sak til nemnd for studentsaker om utestenging, har studenten etter universitets- og høgskulelova §§ 4-8, 4-9 og 4-10 rett til å få utgifter til advokatbistand dekt av høgskulen.

Samla utgifter til advokatsalær i 2023 var kr. 110 811.

## SAKSUTVIKLING I PERIODEN 2018 - 2023



**Figur 1** Utvikling i tal på saker handsama av nemnd for studentsaker frå 2018 til 2023 fordelt på saksfelt.

I 2018 og 2019 handsama nemnda høvesvis 80 og 74 saker. I 2020 var det ei markert auke i talet på saker. Årsaka til auken var ei dobling av saker om fusk. I 2021 fekk desse sakene ei nesten tilsvarande auke, medan talet gjekk betydeleg ned i 2022. Nedgangen har fortsett i 2023, og ein er no tilbake til same nivå som i 2019. Dette får igjen betydning for talet på klager på vedtak om fusk. I 2023 har nemnda handsama éin klage som gjeld fusk. Talet på andre saker nemnda handsamar som førsteinstans er noko lågare samanlikna med tidlegare år. Det same gjeld talet på klagesaker.



## AVSLUTTANDE MERKNADER

Nemnd for studentsaker gir gjennom sine vedtak uttrykk for tolking av regelverk og praksis. I nokre saker gir nemnda fråsegn tilbake til fellesadministrasjonen og fakulteta. Nemnda registrerer at fråsegna vert tekne imot og at dette medverkar til endring av praksis.

Nemnda handsamar ei stor saksmengd med komplekse saker. Dette inneber at både sekretariat og nemnda sine medlemar bruker mykje tid og ressursar på nemndarbeidet. Sekretariatet har i 2023 bestått av tre sakshandsamarar. Desse har hatt ein del av si stilling knytt til sekretariatsfunksjonen.

Nemnda har merka seg at sakshandsamingstida hjå førsteinstansen i nokre tilfelle trekk ut i tid. Nemnda minner om at førsteinstansen etter forvaltningslova § 11 a første ledd skal førebu og avgjere saker utan ugrunna opphald.

I nokre saker har Høgskulen sitt vedtak blitt oppheva og saka sendt tilbake til ny vurdering. Årsakene til dette er at sakene ikkje har vore tilstrekkeleg utgreia før det er gjort vedtak. Grunngevinga i vedtaket kan òg ha vore mangelfull. Nemnda viser til forvaltningslova § 17 om Høgskulen si plikt til å klargjere dei faktiske omstenda vedtaket byggjer på. Nemnda viser òg til forvaltningslova §§ 24 og 25 om Høgskulen si plikt til å grunngje vedtak. Det må gå klart fram av vedtaket kva vurderingar som er gjort og kvifor det er konkludert med eit bestemt resultat. Dette gjeld særleg når studenten får avslag.

Nemnd for studentsaker, 13. februar 2024

Bjørg Kvelstad (sign.)  
leiar

Stian Nessestrand (sign.)  
for sekretariatet